



Posten Norge AS  
Kornsernstaber - Postboks 1500 sentrum  
0001 OSLO

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6262 - 15/28414

Saksbehandlar:

Harald Solheim

Harald.Solheim@lindas.kommune.no

Dato:

01.09.2015

## Endring av postgrense mellom postnummer 5953 Fønnes og postnummer 5955 Lindås og 5954 Mongstad i Lindås og Austrheim kommunar

Vi viser til brev og e-poster i saka.

Grunnlaget for søknad om endring av postgrense er frå innbyggjarane på Hope/Kjeilen som høyrer til postnummer 5953 Fønnes har teke kontakt med Posten om endring av grenser. Første gang i 2011 med avslag frå Posten med grunngjeving at det var mange slike tilfeller i landet.

På nytt vart saka fremja i mars 2014 frå innbyggjarane i Hope/Kjeilen området til kommunen/Posten. Kommunen har videresendt saka til Posten og bede om endring av postgrenser – (brev av 01.09.14)

Posten endrar grenser ein gang i året 1/10.

Kommunen har fått melding frå Posten 08.07.15 om at delar av områdene vert endra/kan endrast postnummer på frå 01.10.2015. Endringen som kan gjennomførast har med adkomst og logistikk til Posten sin distrubusjon.

Men kommunen er oppteken av at postgrense blir lik kommunegrense slik at det som høyrer til postnummer 5953 innafor Lindås si grense vert flytta til postnummer 5955 Lindås.

Vi er klar over omdelingstjensten er omorganisert i området og at det som innbyggjarane og kommunen ønskjer ikkje heilt kan innfriis.

Kommunen kan likevel vera med på den endringa som Posten har foreslått i området i første omgang men vil at det ved seinare organisering/endingar i Posten sin distrubusjon i området vert teke omsyn til kommunegrense/postgrense.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vi reknar med endringen som er foreslått vert gjennomført 01.10.2015 og at det går melding til innbyggjarane i området og endringane vert gjort i matrikkelen.  
Spørsmål i saka ta kontakt med sakshandsamar.

Med helsing

Tommy Veland  
Avdelingsleiar geodata

Harald Solheim  
Rådgjevar geodata